



MØTEPROTOKOLL

Utval: Temagruppe for kulturbygging i Nye Volda Kommune

Møtestad: Volda Rådhus

Dato: 20.11.2018

Tid: 16:00

Faste medleamar som møtte:

Namn	Funksjon	Reprenterer
Odd Harald Sundal	Leiar	Fellesnemnda
Astrid Gjersdal	Medlem	Frivilligsentralen i Volda
Ola Bergset Ulvedal	Medlem	Hornindal Frivilligsentral
Sigurd Tverberg	Medlem	Volda Ungdomsråd
Anett Mari Bugjerde	Medlem	Ressursperson Hornindal


1. Referat frå forrige møte vart gjennomgått og godkjent
2. Handsaming av innkomne søknadar på kulturbyggingsarrangement

Det er kome inn 4 søknadar, som vart gjennomgått og vurdert i høve til kriteria slik dei står i utlysingsteksten.

I handsaminga av søknaden frå kulturbygda «Kulturbygda» og tiltaket «Må vi danse» stilte Odd Harald Sundal spørsmål om gildskap, då han er involvert i arrangementet. Han fråtredde medan gruppa røysta over spørsmålet om gildskap, og det vart vedteke at Odd Harald Sundal vart kjend ugild når det gjeld handsaming av søknaden frå Kulturbygda.

Vedtak om tildeling av kulturbyggingsmidlar:

- 12-konsert, Volda Kyrkje i samarbeid med Hornindal kyrkje får løyvt kr. 10 000 kr.
- «Kulturbygda», tiltaket «Må vi danse» får løyvt kr 40 000 kr med atterhald om at dei knyter til seg ein medarrangør frå Hornindal. Dei vert bedne om å legge fram ny søknad der dette går fram
- Spiren aktivitetshus og Kilsfjord båtlag fyller ikkje krava, og kan ikkje innvilgast.



3. Planlegging av seminar for lag og organisasjonar vinter 2019

Det vart drøfta ulike rammer for ei kulturbyggingssamling mellom lag og organisasjonar, og gruppa samla seg om følgjande:

Vi tek sikte på ein ettermiddag ein laurdag i februar/mars, og siktar oss inn på ei seminar/folkemøte-form der «speed-dating» er ein kreativ metode som kan nyttast for å føre deltakarane/organisasjonslivet inn på felles sak. Andre tema for samlinga er ulike kommunale ordningar, støtteordningar mm. Vi tenkjer og å velje ut nokre lag til å presentere aktiviteten sin.

Vi må alle tenke gjennom kven som er naturleg å invitere til å presentere seg på dette møtet.

4. Eventuelt

Odd Harald har snakka med arkivleiar Inger Johanne Johnsen vedr. journalføring av facebookchat.

Etter som dette har vore/er ein hyppig brukt kommunikasjonsmåte for gruppa vår, og at her også vert fatta vedtak, skal samtalanene arkiverast til liks med annan kommunikasjon. Gruppa tek dette til vitende.

Ref. Astrid Gjersdal